

---

Saksnr: 2021/5978-6  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		23.06.2021

Klagesak - klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslse – fv. 5286 - gnr. 42 bnr 169, i Øygarden kommune

**Forslag til vedtak**

1. Klage frå Arkconsult AS på vegner av tiltakshavar Tore Flatekvål over Avdeling for infrastruktur og veg Forvaltning Bergensområdet sitt vedtak av 03.11.2020, om å avslå søknad om utvida bruk av avkøyrslse frå fv. 5286 i samband med oppføring av bustad på frådelt tomt gnr. 42 bnr. 169, i Øygarden kommune, vert ikkje teken til følgje.

**Samandrag**

Det ble søkt om utvida bruk av avkøyrslse frå fv. 5286 den 13.10.2020, i samband med oppføring av ein bustad på frådelt tomt gnr. 42 bnr. 169, i Øygarden kommune. Arkoconsult AS søkte på vegner av tiltakshavar, Tore Flatekvål. Avdeling for infrastruktur og veg (heretter INV) forvaltning Bergensområdet, fatta den 03.11.2020 vedtak om avslag på søknaden. Arkoconsult AS har klage på vedtaket på vegner av tiltakshavar den 23.11.2020. Klagen er motteke innan klagefristen, jfr. fv. § 29.

INV forvaltning og utgreiing har vurdert klagen som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klagen og rår til at klagen frå Arkoconsult AS over INV forvaltning Bergensområdet sitt vedtak av 03.11.2020 om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslse frå fv. 5286 til eigedomen gnr. 42 bnr. 169 i Øygarden kommune, ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:


1. Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslse - gnr. 42 bnr. 169 - Øygarden kommune.

2. Fv. 5286, flyfoto, frå tiltakshavar.
3. Situasjonsplan, frå tiltakshavar.
4. E-post frå klagar, dagsett 27.10.2020
5. Avslag på søknad om utvida avkøyrse, INV Forvaltning 03.11.2020.
6. Klage over avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrse, 16.11.2020
7. Vedlegg til klage.
8. Oversendingsskriv, INV Forvalt, opprettheld avslaget, 23.02.2021.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med oppføring av einebustad på frådelt tomt, gnr. 42 bnr. 169 i Øygarden kommune, vart det søkt om utvida bruk av avkørsel som knytter den private vegen av Skrubbenesvegen til fv. 5286, den 13.10.2020. Vedlegg nr. 1.




Figur 1: Avkørsel ved posisjon 1, tomt ved posisjon 2.

#### Planstatus:

Eigedomen det er søkt om utvida bruk av avkørsel for, ligg innanfor reguleringsplan for Skrubbeneset plan id 124619930006 vedteke 28.10.1993. Reguleringsplanen omfattar ikkje tilkomst frå Skrubbenesvegen til fv. 5286.

Tilkomst til 5286 frå Skrubbenesvegen er omfatta av reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) plan id. 124620060051. Denne reguleringsplanen legg til rette for etablering av ein- og tomannbustader. Det er i reguleringsplan tatt med rekkefølgekrav om opparbeiding av Skrubbenesvegen i samsvar med plankartet, samt etablering av gang- /sykkelveg GS3 langs Skrubbenesvegen mellom arm av Skrubbenesvegen i sør og Svartmyra i nord. INV forvaltning opplyser at bustader planen legg til rette for, er ført opp.



Figur 2: Venstre - reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) plan id 124620060051. Høgre - reguleringsplan for Skrubbeneset plan id 124619930006, tomt markert med raudt omriss.

#### Stadlege opplysningar:

Fylkesveg 5286 har på staden fartsgrense 30 km/t. det går fram av saka at årstdøgertrafikk (ÅDT) er på 900 køyretøy. Det er etablert fortau langs austsida av Skrubbenesvegen og eit stykke langs fv. 5286 i samsvar med reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) Fortau langs austside av avkøyrsele er ikkje etablert i samsvar med reguleringsplanen. Avkøyrsele er i staden definert med ei rad betongblokker (jersey-stein). Avkøyrsele har fall ned mot fv. 286 og overvatn er ikkje godt nok handtert, ifølgje opplysningar frå INV forvaltning.

Det går fram av saka at den aktuelle avkøyrsele er tilkomst til ca 70 bustadeiningar, og er delvis utforma som eit kryss. Det går og fram av saka at Skrubbenesvegen er ikkje drifta eller halden ved like av det offentlege, og er difor ikkje definert som offentlig veg, jf. Veglova § 1. Avdeling for infrastruktur og veg har lagt til grunn at tilkomsten til fv. 5286 er ein avkøyrsele.

Sjølve avkøyrsele er omfatta av reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.9 plan id. 124620060051, medan tomt for bustad er omfatta av reguleringsplan for Skrubbeneset, plan id. 124619930006. Ingen av reguleringsplanane regulerer inn at eigedom gnr. 42 bnr. 169 skal ha tilkomst via den aktuelle avkøyrsele. Avdeling for infrastruktur og veg har lagt til grunn at det er nødvendig med løyve til utvida bruk av avkøyrsele, i samband med oppføring av einebustad på gnr. 42 bnr. 169 jfr. veglova § 40 2. ledd.



Bilete frå staden 05.06.2021.

I «Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser» er fv. 5286 vist som haldningsklasse «mindre streng» (blå).

Den 27.10.2020 sendte Arkonconsult AS ein E-post til INV Forvaltning angående søknad om auka bruk av fylkeskommunal avkøyrslar frå privat veg Sbrubbenesvegen til fv. 5286 i Øygarden kommune. Dei skriv at dei er kjend med at fylkeskommunen vurderer å avslå søknaden med grunngjeving i at oppfyljing av rekkefølgjekrav i reguleringsplan ikkje er oppfylt. Dei viser til at rekkefølgjekrav § 2.3.3. krav til at gang- og sykkelveg GS3 langs Veg 2 skal vere ferdig opparbeida før det vert gjeve bruksløyve til nye bueningar. Arcokonsult viser til at krav GS3 er ferdig opparbeida. Vedlegg nr. 4.

Den 03.11.2021 fatta fylkeskommunen avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslar med grunngjeving i at avkøyrsla hadde manglar som medførte fare for vegfarande på fv. 5286. Avslaget

var hovudsakleg grunngeve med at avkøyrsla har manglar knytt til fortau/kantstein og handtering av overvatn. Det var mellom anna vist til at avkøyrsla ikkje var tilfredsstillande opparbeida etter reguleringsplanen, avkøyrsla kunne og verka noko uoversiktleg, handtering av overvatn var ikkje godt nok handtert og kunne utgjere eit faremoment spesielt på vinterstid. Vedlegg nr. 5.

Arkoconsult AS har på vegne av tiltakshavar, klaga på vedtaket i E-post av 23.11.2020. Vedlegg nr. 6.

### Rettsleg grunnlag

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd, vedtak som kan påklagast, klageinstans:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalet eller en eller fleire særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen en eller fleire særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget eller av det øverste organet i eget rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.»

Det går fram av veglova § 1 a at:

*«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»*

Det går fram av veglova § 40:

*«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven. Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta. Vegstyremakta kan krevje at avkjørsle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner. Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»*

Veglova § 41 seier:

*«Vegstyremakta kan påby avkjørsle frå offentleg veg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.»*

Veglova § 42 seier:

*«Blir avkjørsle bygd eller nytta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan vegstyremakta gi påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.»*

Veglova § 43 lyder:

*«Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidlegare måtte vere sette for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisktliner mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.»*

*Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.*

*Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.*

*Statens vegvesen tar avgjerd etter denne paragrafen for riksvegar, fylkeskommunen for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar.»*

Plan - og bygningslova § 12-7 punkt 10 seier:

*«I reguleringsplan kan det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser til arealformål og hensynssoner om følgende forhold:*

*«Krav om særskilt rekkefølge for gjennomføring av tiltak etter planen, og at utbygging av et område ikkje kan finne sted før teknisk anlegg og samfunnstjenester som energiforsyning, transport og vegnett, sosiale tjenester, helse- og omsorgstjenester, barnehager, friområder, skoler mv er tilstrekkelig etablert.»*

Plan- og bygningslova § 27-4 gjeld atkomst. § 27-4 1. ledd seier:

*«Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er åpen for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annan måte være sikret vegforbindelse somkom munen godtar som tilfredsstillende. Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkommende vegmyndighet, jf veglova §§ 40 til 43.»*

Rammeplan for avkjørslar og dispensasjonar frå byggegrenser i Vestland fylkeskommune 2021-2024, vart vedteke på møte i fylkesutvalet den 03.02.2021, sak PS 42/21. Vestland fylkeskommune har på grunnlag av Statens vegvesen Region vest sin rammeplan utarbeidd ein rammeplan for avkjørslar og dispensasjonar frå byggegrenser langs fylkesvegnettet i Vestland. Rammeplanen skal vere ei rettleiing ved sakshandsaming av avkjørslar og søknader om dispensasjon frå byggegrensa, og skal bidra til eins praksis i heile fylket. Rammeplanen er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva som skal leggast til grunn ved handsaming av avkjørslar- og byggegrensesaker. Eit viktig prinsipp er at teknisk utforming av avkjørslar skal vera i samsvar med Vegvesenet sine handbøker N100 og handbok V121.

Dei einskilde vegane har fått tildelt ein haldningsklasse/strengleiksklasse som gjeld mellom anna avkjørslar og søknadene. Haldningsklassane er ein peikar på kor strengt søknadene bør vurderast. Haldninga er visualisert med ulike fargekodar på kart. Riks- og fylkesvegnettet i Region vest er sett i ein av fire strengleiksklasser:

1. Meget streng haldning (Raud).
2. Streng haldning (Gul).
3. Mindre streng haldning (Blå).
4. Lite streng haldning (Grøn).

Det går fram av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for klagenemnda pkt. 5, klagenemnda sin kompetanse:

*«Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34. Vedtaket det vert klaga på kan avvist, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova».*

## **Klagen**

Arkoconsult AS har på vegne av tiltakshavar, sett fram klage den 16.11.2020. I klagen går det hovudsakleg fram at:

### Plansituasjonen:

I klagen vert det vist til at det følgjer av reguleringsbestemmelsane § 2.3.3. i reguleringsplan for Hesthagen, at det ikkje er rekkefølgjekrav knytt til opparbeiding av fortau langs avkjørsla si austlege side. Det vert og vist til at tomta som det skal førast opp bustad på, ikkje er omfatta av

denne reguleringsplanen, og at rekkefølgjekrav berre er gjeldande innanfor planområdet. Slik klagar vurderer det, kan det difor ikkje med heimel i reguleringsplanen for Hesthagen, Brattholmen (42-3,9 mfl.) krevjast at tiltakshavar skal vere ansvarleg for opprusting av avkøyrsele. Klagar peikar på at eventuelle manglar ved opparbeiding av avkøyrsla er knytt til utbygginga som er gjennomført i medhald av reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) og rekkefølgjekravet der.

I klagen vert det og vist til at det «Det kan heller ikkje vises til de faktiske forhold knyttet til plassering av sperrestein der det skulle vært opparbeidet forfatu. Dette er en forsømmelse som utelukkende kan relateres til omsøkte byggetiltak innen planområdet Hesthagen. I den grad det er mangler knyttet til denne opparbeidelsen, må dette knyttes til de relevante byggesakene. Kravet kan ikke pålegges klager.»

#### Avkøyrsele sin standard:

Klagar hevdar at det å tillate bruk for ein enkelt bustad innanfor eit så stort område som Skrubbenesvegen omfattar, ikkje vil føre til nokon særleg endring i risikobiletet og berre vil føre til ei lita auke i trafikken i avkøyrsla. I klagen vert det vist til at det er ca 70 bueiningar i Skrubbenesvegen og Svartmyra, ein auke med ein bueining vil føre til ein trafikal auke på ca 1,5 %. Det vert deretter opplyst at heimelshavar og hans sambuar har tilknytning til staden og at krysset er oversiktleg og har gode siktlinjer. Klagar peikar deretter på at den private Skrubbenesvegen er open for alminneleg ferdsel og at det av den grunn ikkje er mogeleg å styre talet på brukarar av avkøyrsla. Arkoconsult AS meiner at dette talar for at det bør gjevast løyve og tillate den marginale auken i trafikk som omsøkte tiltak inneber.

#### Likebehandlingsprinsippet:

Klagar viser til likebehandlingsprinsippet, at like saker skal behandlast likt. Klagar peikar på ein tidlegare byggesak i Fjell kommune, no Øygarden kommune, der det vart ført ein bustad innanfor den same reguleringsplanen. I denne saka ble det stilt spørsmål til Fjell kommune om det var nødvendig å søke om utvida bruk av den aktuelle avkøyrsele i samband med oppføring av bustaden (gnr. 42 bnr. 61.) Kommunen la til grunn at det ikkje var naudsynt å søke om utvida bruk av den aktuelle avkøyrsele. Klagar har lagt ved ein E-post som viser Fjell kommune sin uttale i saka. Vedlegg 7. Det vart difor ikkje søkt om utvida bruk av avkøyrsele til Statens vegvesen. I denne saka var det og snakk om ein «resttomt» i eit utbygd bustadfelt. Ifølgje klagar, talar dette for at det vert gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Klagar peikar og på at det i denne saka ikkje er fare for presedens for liknande saker, då det i denne saka er tale om ein «resttomt» i eit tilnærma ferdig utbygd område.

Det vert vist til klagen i sin heilheit. Vedlegg nr. 6.

#### **INV Forvaltning Bergensområdet si vurdering av klagen**

INV Forvaltning Bergensområdet såg på saka på nytt då dei fekk inn klagen, og valde å oppretthalde avslaget. Det var ingen nye opplysningar i saka som tilsa ein omgjering av vedtak av 03.11.2020. Klagen vart difor sendt til den fylkeskommunale klagenemnda for endeleg handsaming.

#### **Avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning og utgreiing si vurdering av klagen**

Fylkesdirektør infrastruktur og veg har den 23.02.2021 gjeve følgjande vurdering:

*«Me kan ikkje sjå at søknad om utvida bruk av avkøyrsele er avslått med heimel i reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.). Det er i avslag vist til at avkøyrsele ikkje er opparbeida i tråd med reguleringsplanen. Men avslaget er i hovudsak grunngeve med at avkøyrsele har manglar knytt til fortau/kantstein og handtering av overvatn. INV er samd i klagars argument om at eventuelle manglar ved opparbeidinga av avkøyrsele i høve til rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) er knytt til byggjesaker regulert av denne planen. Korkje Statens vegvesen eller Vestland fylkeskommune ved INV har godkjent arbeidet med avkøyrsele, eller elles signalisert at rekkefølgjekrav i reguleringsplan er innfridd. Mangelfull oppfølging av rekkefølgjekrav er Øygarden kommune som planmynde sitt ansvar. Eventuelle feil ved handsaminga av desse byggjesakene kan ikkje nyttast som argument for at INV skal innvilge løyve til utvida bruk av avkøyrsele.»*

*INV har forståing for det vert oppfatta som urimeleg at krav om utbetring av avkøyrsele vert lagt på einskilde byggesaker. Men avkøyrsele har manglar knytt til handtering av overvatn og manglande*



*fortau, samt plassering av påkøyrsefarlege betongblokker i hjørneavrundinga. Dette er manglar som medfører fare for trafikantar på fv. 5286 og brukarar av den aktuelle avkøyrse. Den auka risikoen manglane medfører for trafikantane er direkte knytt til bruken av avkøyrse. Dersom ein ikkje stiller krav til utbetring av avkøyrse i enkeltsaker som dette risikerer ein «bit for bit» auke av trafikken i avkøyrse gjennom enkeltvis oppføring av bustadhus. Området i stor grad er ferdig utbygd, og INV er ikkje kjent med at det planlagd større utbyggingar ein kan knytte krav om utbedring til i nær framtid. Dersom ein skal gje fritak for krav om utbetring for enkeltbustader risikerer ein at avkøyrse ikkje blir utbeta.*

*Øygarden kommune (tidlegare Fjell kommune) har som planmynde ansvaret for at utbygging er i tråd med godkjende reguleringsplanar og at rekkefølgekrav er innfridd. Kommunen har ikkje mynde til å gje løyve til utvida bruk av privat avkøyrse frå fylkesveg, eller bestemme at dette ikkje er nødvendig. Det vert vist til at Fjell kommune i tidlegare byggesak har signalisert at det ikkje er nødvendig med utvida bruk av avkøyrse ved oppføring av bustad innanfor reguleringsplan for Skrubbeneset (plan id 124619930006). Dette er etter vår vurdering feil tolking av regelverket. At det er gjort ukorrekte vurderingar ved tidlegare sakshandsaming i Fjell kommune kan ikkje legges føringar for INV si behandling av søknaden om utvida bruk i dag.*

*Det er vår vurdering at den aktuelle avkøyrse har manglar som medfører redusert tryggleik for trafikantar på fv. 5286, samt brukarar av avkøyrse. Desse manglane må utbetrast før bruken av avkøyrse vert auka. Forvaltning Vestland stettar vurderingane til forvaltning Bergen, og finn ikkje grunnlag for å gjere om vedtaket om avslag på søknaden om utvida bruk.»*

Avdeling for infrastruktur og veg har vurdert klagen og argumenta som kjem fram i klagen, men finn ikkje grunn til å gjere om vedtaket.

#### **Fylkesrådmannen si vurdering av klagen**

INV Forvaltning Bergensområdet og INV Forvaltning og utgreiing har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i veglova § 1, § 40 - § 43, Rammeplan for avkøyrser og byggegrenser og plan- og bygningslova § 27-4. Avslaget er i hovudsak grunngjeve med at avkøyrse har manglar knytt til fortau/kantstein og handtering av overvatn. Dei viser og til nullvisjonen. Saka er godt opplyst. Dei har ikkje funne grunn til å ta klagen til følgje.

Omsøkte avkøyrse er delvis utforma som eit kryss, og ligg mellom Skrubbenesvegen og Brattholmen ( fv. 5286). Den aktuelle avkøyrse er tilkomst til, ifølgje INV Forvaltning og utgreiing over 10 bustader i området. I juridisk teori, Arnulf/Gauer, Veglova med kommentarar 1997, Gyldendal rettsdata, note 106 til veglova § 40 går det fram at: «*Begrepet omfatter den fysiske tilkobligen mellom offentlig veg og privat eigedom som er nødvendig for å skaffe adkomst. Dette kan gjelde både gangadkomst og kjøreadkomst. Som regel vil avkøyrse vise seg ved en fysisk tilretteleggelse i terrenget. Enhver sammenkobling mellom offentlig veg og privat veg eller privat eiendom er en avkjørsel*». Fylkesrådmannen legg til grunn at tilkomst til Fv. 5286 Brattholmen frå den private vegen Skrubbenesvegen er ein avkøyrse.

Ved handsaminga av denne klagesaka, har ein frå sekretariatet for klagenemnda vore på staden og vurdert avkøyrsla den 05.06.2021.

Sjølve avkøyrse er omfatta av reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-2,91 mfl.) plan id 124620060051 godkjent i kommunestyret 24.11.11, medan tomten for bustaden er omfatta av reguleringsplan for Skrubbeneset, plan ID 124619930006 vedteke 28.10.93. Ingen av desse reguleringsplanane regulerer inn at eigedom gnr.42 bnr. 169 skal ha tilkomst via den aktuelle avkøyrse. Fylkesrådmannen vil her vise til plan- og bygningslova § 27-4 1. ledd der det går fram at: «*Før opprettelse eller endring av eigedom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er open for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annen måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende. Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkommende vegmyndighet, jfr. veglova §§ 40 til § 43.*» Fylkesrådmannen vil deretter vise til veglova § 40 2. ledd: «*Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd ( i veglova § 40 1. ledd.) eller planen ikkje omfattar avkøyrse må avkøyrse frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret*».

Fylkesrådmannen legg på denne bakgrunn til grunn at det er nødvendig med løyve til utvida bruk av avkøyrsla ved oppføring av ein bustad på eigedomen gnr. 42 bnr. 169.

I klagen vert det vist til likebehandlingsprinsippet. Klagar viser til ein tidlegare byggesak i Fjell kommune i 2018, der det er ført opp ein byggesak innanfor den same reguleringsplanen. I denne saka la kommunen til grunn at det ikkje var nødvendig å søkje om utvida bruk av den aktuelle avkøyrsla i samband med oppføring av ein bustad. For at det skal vere tale om likebehandling må sakene vere «like», dei må kunne samanliknast. Desse sakene kan la seg samanliknast, dei er både innanfor same reguleringsplan og det gjeld oppføring av bustad. Klagar viser til E-post frå Fjell kommune i saka. Fjell kommune fant at det ikkje var naudsynt med løyve til utvida bruk fordi sjølve avkøyrsla var regulert. Fylkesrådmannen har ei anna oppfatning når det gjeld tolkinga av regelverket i veglova i denne saka. Sjølv om sjølve avkøyrsla var regulert, var det ikkje regulert inn at omsøkte eigedom, gnr 42 bnr. 169 og skulle nytta denne avkøyrsla. Som nemnt ovanfor går det fram av veglova § 40 2. ledd at dersom det ikkje ligg føre nokon reguleringsplan, eller planen ikkje omfattar avkøyrsla må avkøyrsla frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyresmakt. Det var Statens vegvesen/regionvegkontoret som den gang var vegstyresmakt. Det var dei som skulle vurdert dette spørsmålet. Det går fram av juridisk teori (Pedersen mfl. Plan- og bygningsrett Del 2, byggesaksbehandling) at dersom det ikkje ligg føre regulert avkøyrsla «*må veimyndigheten treffe vedtak etter veiloven § 40 annet ledd. Det kreves tillatelse både når ny avkjørsel skal anlegges, og når bruken av en eksisterende avkjørsel skal utvides. Eiendommen blir for eksempel delt, og den nye tomten som benytte eksisterende avkjørsel.*» Slik fylkesrådmannen vurderer det, er det her ikkje brudd på likebehandlingsprinsippet.

I klagen peikar i sin klage på at den private Skrubbenesvegen er open for alminneleg ferdsel, og at det difor ikkje er mogeleg å styre talet på brukarar av avkøyrselele slik fylkeskommunen sitt avslag på søknad om utvida bruk, i praksis gjer. Det vet vist til at avkøyrsla og vert nytta av «forbikøyrande», dagsturistar eller andre om ynskjer å nytte området til friluftsliv og fiske. Dette er noko som talar for at det bør gjevast løyve til utvida bruk av avkøyrsla og tillate den lille auken i trafikk som klagar sitt tiltak vil medføre. Fylkesrådmannen vil her bemerke at det går fram av saka at området er i stor grad ferdig utbygd. Dersom ein ikkje stiller krav til utbetring av avkøyrslar i enkeltsaker som dette, kan ein risikere ein «bit-for bit» auke av trafikken i avkøyrselele gjennom enkeltvis oppføring av bustadhus.

Det går fram av saka at avkøyrsla slik den er i dag, ikkje er opparbeid i samsvar med reguleringsplanen, herunder rekkefølgekrav. Området er i stor grad ferdig utbygd, det går fram av saka at det ikkje er kjent at det er planlagt større utbyggingar der det kan knyttast krav om utbetring. Dersom ein skal gje fritak for krav om utbetring for enkeltbustader, kan ein risikere at avkøyrselele ikkje vert utbetra.

Ein har forståing for at det kan verte oppfatta som urimeleg at eit krav om «utbetring av avkøyrselele» vert lagt på» ein skilde byggesaker. Fylkesrådmannen vil presisera at avslaget datert 03.11.2020 er i hovudsak grunngjeve med at avkøyrsla har manglar knytt til fortau/kantstein og handtering av overvatn. Hovudgrunngjevinga for avslaget er ikkje at rekkefølgekrav i reguleringsplanen ikkje var oppfylt. Verken Statens vegvesen eller Vestland fylkeskommune har godkjent arbeidet med avkøyrsla, eller gjeve uttrykk for at rekkefølgekrav er innfridd. Fylkesrådmannen vil igjen presisera at mangelfull oppfølging av rekkefølgekrav i reguleringsplan er Øygarden kommune som planmynde sitt ansvar. Dette er manglar ved avkøyrsla som kan medføre fare for trafikantane.

Fylkesrådmannen vil her vise til at det er viktig å kunne etablere få, men gode avkøyrslar og kryss langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdsel og god trafikktryggleik for framtida. Den aktuelle avkøyrsla har manglar knytt til handtering av overvatn og manglande fortau. Det er plassert sperrestein (Jersey-stein) i krysset kor det er merka som fortau i reguleringsplanen. Fylkesrådmannen vil presisera at det i føresegna til reguleringsplan for Hesthagen ikkje ligg føre rekkefølgekrav om opparbeiding av fortau, men den midlertige løysinga med Jersey-stein er uheldig. Det går fram av saksdokumenta at Statens vegvesen og INV forvaltning ikkje har akseptert denne løysinga, og har presisert at eit fortau må på plass for å ivarta dei mjuke trafikantane.

Ein frå sekretariatet for klagenemnda var på staden den 05.06.2021. Ein kunne då sjå at avkøyrselele/krysset var noko bratt, nedst i krysset/avkøyrsla var det smalt med lite areal. Avkøyrsla framsto som uoversikteleg. Det sto parkerte bilar på det området som i reguleringsplanen var merka av som fortau. Avkøyrsla framsto som «ikkje ferdig opparbeida». Slik ein vurderer det, kan det her oppstå vanskelege situasjonar for dei mjuke trafikantane. Når det gjeld handtering av overvatn, så har avkøyrsla i dag ikkje noko system som hindrar det å renne ut i fylkesvegen. Ein kan her sjå, at spesielt i vinterhalvåret kan dette utgjere eit faremoment, med glatte parti i utkøyringspunktet. Både ved ut- og innkøyring kan glatte parti utgjere ei fare for trafikkulykker. Fylkesrådmannen vil og vise til Rammeplanen for Vestland fylkeskommune,

«mindre streng haldning». Her går det fram at godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt.

Slik avkøyrslen framstår i dag, kan denne utgjere ein fare for trafikktryggleiken. Omsynet til mjuke trafikantar er ikkje godt nok ivareteke. Det vert vurdert at her er potensiale for uheldige trafikale situasjonar, noko som fylkesrådmannen ikkje kan godta.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rå til at klagen frå Arkoconsult AS, på vegne av tiltakshavar Tore Flatekvål over INV Forvaltning og utgreiing Bergensområdet sitt vedtak av 03.11.2020 om å avslå søknad om utvida bruk av avkøyrslar frå v. 5286 i samband med oppføring av ein bustad på frådelt tomt gnr. 42 bnr. 169, Øygarden kommune, vert ikkje teken til følgje, jfr. veglova § 40 2. ledd.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda. Det vert vist til reglement for klagenemnda punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Ikkje relevant.

**Klima:**

Ikkje relevant.

**Folkehelse:**

Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Konklusjon

Klagen vert ikkje teken til følgje.